

Styremøte onsdag 19. februar kl 18.30 i Volda

Sak 1 Økonomioversikt

Huskonto: +32.800

Lånekonto: - 255.227

Driftskontoen:

Sak 2 Framtida til Lokalradioen - kvar går vi?

Vi må auke eigenproduksjonen

Ytre: Vi starter Innspeling av kåseri med Knut Arne Høyvik

Vi har i avtale om to program men må som indre bruke program frå 1990-talet og tidleg 2000. Musikkbasen burde vore større.

Indre: Produksjonen er "Bakkesjow" og takk for det

I tillegg har vi Fredagskveldane (av redaktøren døypt til "Kveld i sør" er dette rett eller???)

På sist møte kom det fram ein del idear. Har nokon fått ting på plass???

Vedtak:

Sak 3 Repriser: Eg har som redaktør fått fleire kritiske merknadar mot lyrikkserien med Sølvi Marie Kornberg. Kritikken går på at ho omtalar og sender helsingar til folk som ikkje lenger er mellom oss.

Gunnar har for lite program å setje inn om serien vert teken ut- kva gjer vi?

Vedtak:

Sak 4 Lyttarforhold -utanom Volda

Etter Dagmar har vi, periodisk, hatt svært store problem med lyd kvaliteten frå Helgehornet, som gir signal til alle sendar . Skurring har til tider skapt store problem og stor irritasjon. Vi har tapt mange lyttarar og redaktøren fryktar at dette kan vere litt av grunnen til nedgang i bingoomsetninga. Svein Jarle har lagt ned mykje arbeid, og vore på Helgehornet for å gjere endringar, utan resultat. Skurringa kjem venteleg frå refleksar frå fjella, og skapar størst problem når temperaturen ligg på +/- 5/7 grader.

Det har vore drøfta mange ulike løysingar, utan å vite sikkert at investeringa vil føre til endring. Etter fleire runder har vi konkludert med at vi må gå over til ei sikker løysing, med overføring av signal frå Høgskulen til Helgehornet på datalinje, som i dag til Lekneset.

Vedtak:

Sak 5. Investeringar i 2014

Teknisk ansvarleg Svein Jarle får fullmakt til å nytte inntil 30.000 til nytt utstyr.

Som følgje av omlegging til IP-overføring vil radioen få ei auka utgift på knapt 5000 kr pr år til linjeleige.

Vedtak:

Sak 6 Evtuelt